

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VI. INNSKRIFTER ELLES MED SETNINGSFORM

[**844**] N-33456. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b:[41]; 1994c: 258f, 264.)

Innskrifta står på eit trespjeld som er avbrote i baa endar. Den bevarte delen er 61 mm lang, 35 mm brei og 4 mm tjukk. Det er runer på den eine breisida. I samband med registrering av nyfunn midt på 1970-talet rapporterer Liestøl om ein palimpsest på den andre breisida (Runearkivet tilvekstnummer A 175). Slik gjenstanden har kunna studerast etter konservering, har det ikkje vore råd å sjå anna enn restar av tre tynne strekar og nokre knivstikk på denne sida. Det er mogleg at dette er restar av ei utradert runeinnskrift, og at det inntrykket var sterkare rett etter at gjenstanden vart funnen. I dag kan vi såleis berre ta Liestøls informasjon om dette til etterretning.

Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FH, hovudfase 4. Det inneber arkeologisk datering av funnkonteksten til andre halvdel av 1000-talet. Innskrifta er 46 mm lang, og runene 34 mm høge. I brotkanten, før første leselege rune (r. 2 (†)), er det tydelege restar av ein runestav. Mellom r. 3 og 4 er det eit eittpunkts ordskilje. R. 4 har udiskutabel punktering, og r. 5 (kortkvist **s**) har likeins tydeleg punkt i nedre enden. Mellom r. 5 og 6 er det også eittpunkts ordskilje, og sameleis etter r. 8, rett før brotkanten i enden av den bevarte delen av innskrifta. R. 7 har òg tydeleg og godt bevart punktering. Bogen på r. 8 (**r**) er open.

--]† 1 . † ' . † † R .

--] **l t · e s · u e r** ·

--] *lt es vér*. --]`? som vi'.

Det som er att av denne innskrifta, gir oss ikkje anna enn ein defekt slutt på ei setning og innleiinga til ei adverbial eller adjektivisk leddsetning. Konjunksjonen eller partikkelen har den form vi ville venta å finna i ei innskrift med slik arkeologisk datering som det vi har i dette tilfellet. I norsk fekk denne partikkelen overgang frå /s/ til /r/ i løpet av 1100 talet. Former med *r* dukkar opp kring midten av 1100-talet, men spreidde belegg på former med *s* er å finna også i andre halvdel av hundreåret (jf. Seip 1955: 80).